

# Kuutstilling og kalvemønstring

Jærmessa på Varhaug søndag 1. september 2019

Me ynskjer å invitera alle bønder til kuutstilling og kalvemønstring.

Det vert kudømming i ulike rasar, kåring av Miss Jæren og Gullkua 2019, ungdoms- og kalvemønstring.

I år vil alt vera på same dagen, søndag 1. september

Både raude og grønne besetningar kan delta, men dei grønne vil automatisk få raud status etter utstillinga.

Komiteen ynskjer å dekkja kostnadane til analyse av blodprøvar for desse besetningane, for å få tilbake grøn status.

Påmelding innan 18. august til Tone Aardal, tlf: 99243116 eller e-post: [tone.aardal@tine.no](mailto:tone.aardal@tine.no)

Med venleg helsing  
utstillingskomitêen!



## Retningslinjer:

- Kyra må ha seminokse eller stambokført gardsokse som far, og vera innmeldt i kukontrollen.

- Dyra bør vera klypte og reine
- Dyra skal vera tamme og vera vane med å gå i grime, lurt å starta tidleg.
- Me vil oppmoda folk til å kle seg fint.
- På kalvemønstringa er det viktig at storleiken mellom mønstrar og dyr står i stil

### Kriteriar for å vera med i Gullku- klassen:

- Minimum 3 kalvingar(avslutta 3. laktasjon)
- Minimum EKM 7000 kg
- Kandidatane må ha oppfylt reglane i kukontrollen



Me kan hjelpa til med å få dyra fram til ringen, og/eller hjelpa til med å mønstre dyra.

Under utstillinga vert det teke bilete av barn og unge som mønstrar, og desse vil kunna verta brukte i ulike samanhengar. Dei som vil reservera seg mot dette, må gje beskjed ved påmelding.

## Digital Dermatitt

For at det skal vera trygt å koma med dyr, så ynskjer me i komiteen å ha høg fokus på god klauvhelse.

Som eit ledd i dette, så må alle deltakande besetningar ha gjennomført klauvhogging(vera registrert i kukontrollen) på alle kyrne etter 1. februar 2019. Besetningar der det er påvist Digital Dermatitt kan dessverre ikkje stille dyr i år. Dersom kalvane er oppstalla i anna hus/hytter, kan dei koma på utstilling. Eigenerklæring må fyllast ut ved ankomst, før kalven vert teken inn i teltet.

I tillegg ynskje me veterinærattest av alle **KYR** som kjem, utført av veterinær. Helst bør dyra kunna sjekkast i ein klauvboks. Sjekking av DD må stå tydeleg på attesten, utført i løpet av siste 14 dagane.

LINK:

Regelverk kuutstilling:

1. premie: 8,0 for kropp og bein og 4,0 for jur
2. premie: 7,0 for kropp og bein og 3,0 for jur
3. premie: 6,0 for kropp og bein og 2,5 for jur

I kvar rase er det 2 klassar, ein for 1. kalvarar og ein for eldre

# GULLKUA

## Reglar:


**Minimum 3 fullførte laktasjonar**

**Minimum 7000 kg EKM, snitt av alle fullførte laktasjonar**

**Minimum 3 celletalsmålingar pr laktasjon**

## Poeng – gjeving:

- Høgaste gj.snittleg EKM 100 – 90 – 80
- Geometrisk middel celletal av alle laktasjonar  
200 – 180 – 160
- Lågast mogleg kalvingsinterval 200 – 180 – 160
- Antal levande fødte kalvar, 50 poeng pr kalv
- Eksteriør: Kropp og bein – jur 100 – 90 – 80. Dømt tidlegare på dagen



## Reglar ungdomsklasse og kalvemønstring:

- Ungdomsklassen, opptil 25 år, dyra må vera over 6 mnd gamle.
- Kalvemønstringa er inndelt i 3 klassar, 4-7 år, 8-11 år og 12-15 år
- Kalvane må vera mellom 1-6 mnd gamle.